

# Vedtekter for kommunale barnehagar i Årdal kommune

Gjeldande frå 01.08.2021

Barnehageeigar skal fastsette barnehagen sine vedtekter. Vedtektene skal gi opplysningar som er av betydning for føresette sitt forhold til barnehagen.

## § 1. Hovudrammer og føremålet med drifta

Kommunale barnehagar i Årdal skal drivast i samsvar med Lov om barnehager, Rammeplan for barnehagen og dei føresegnene og retningslinene som til ei kvar tid vert fastsette av kunnskapsdepartementet og gjennom kommunale vedtak.

## § 2. Administrasjon

Årdal kommune eig og driv dei kommunale barnehagane. Formannskapet har som barnehagenemnd ansvaret for forvaltninga av barnehagane i kommunen. Barnehagane er administrativt knytt til kommunalsjef for oppvekst og kultur.

## § 3. Foreldreråd og samarbeidsutval i barnehagar

For å sikre samarbeidet med barna sin heim, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval. Foreldrerådet er alle foreldre/føresette til barna i barnehagen. Foreldrerådet kan opprette eit arbeidsutval (FAU). Foreldrerådet skal fremme fellesinteressene til foreldra og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø.

Samarbeidsutvalet består av foreldre/føresette og tilsette i barnehagen, slik at kvar gruppe er likt representert. Kommunen skal som eigar v/ styrar skal vere representert i samarbeidsutvalet.

Foreldrerådet og samarbeidsutvalget skal bli forelagt, og har rett til å uttala seg i saker som er viktige for foreldra sitt forhold til barnehagen. Samarbeidsutvalet skal med utgangspunkt i rammeplanen vedta ein årsplan for den pedagogiske verksemda.

Opggåvene til samarbeidsutvalet og foreldrerådet følger forøvrig av forskrifter til barnehagelova.

## § 4. Godkjenning av barnehagar

Etter Lov om barnehager er kommunen ansvarleg for godkjenning av barnehagar. Alle barnehagar skal vere godkjende av kommunen før verksemda vert starta. Godkjenning av barnehagar skal vere i samsvar med Lov om barnehager med forskrifter og departementet sine merknadar til denne. Før godkjenninga må ein ha godkjenning etter Forskrift om miljøretta helsevern i skoler og barnehager mv. frå helsestyremaktene.

## § 5. Opptak av barn

Barnehagelova § 16 gir alle barn som fyller eitt år, seinast innan utgangen av august det året det vert søkt om barnehageplass, rett til å få barnehageplass frå august. Barn fødd i september, oktober eller november får rett til plass frå den månaden dei fyller 1 år. I Årdal kommune får barn som fyller 1 år før 1. august plass i barnehagen, men det vert ikkje teke inn nye barn etter 15. mai og ut barnehageåret.

#### Opptak:

- Årdal kommune har to opptak. Hovudopptak med søknadsfrist 1 feb., med plassar frå 15.08-01.01. Suppleringsopptak med søknadsfrist 01.09. med plassar frå 01.01 – 15.05. Det vert ikkje teke inn barn etter 15.mai.
- Tilflyttarar med barn som har rett til plass får tilbod om barnehageplass i ein barnehage kommunen finn teneleg. Tilbodet vert gitt innan rimeleg tid og seinast 2 månader etter at søknad er levert.
- Melding om opptak vert lyst ut i pressa og lagt inn på Årdal kommune si heimesider.
- Ved søknad om barnehageplass skal det nyttast elektronisk søknadsskjema.

#### Plassar:

- Barn reknast for å vere 3 år frå og med august det året dei fyller 3 år.
- Plassane i dei kommunale barnehagane er for barn som er busett i kommunen og har rett til plass, i tråd med Årdal kommune sine vedtekter. Ved ledig kapasitet kan barn frå andre kommunar få plass.
- Barn som blir tildelt plass, beheld plassen inntil opplæringspliktig alder eller til plassen blir sagt opp.
- Det er høve til å søkje om endring av type barnehageplass og overflytting til annan barnehage i kommunen.

#### Samordna opptak:

- Kommunen er ansvarleg for samordna opptak.
- Opptaket blir regulert av barnehagelova med forskrifter og departementet sine merknadar til denne.
- Etter delegert mynde gitt av kommunedirektøren, kan styrar gjere opptak for eigen barnehage i samsvar med kommunen sine opptakskriterie.

#### Opptakskriterier:

1. Barnehagelova §18, prioritet ved opptak på grunnlag av sakkunnig vurdering om nedsett funksjonsevne. Barn som det er fatta vedtak om etter Lov om barnevern.
2. Endring av plass/barnehage
3. Barnehageeigar sin prioritering
  - Rekruttering av person
  - Søsken av barn som har plass i barnehagen
4. Siste år før skulestart
5. Einsleg
6. Kultur/anna språk

Opptakskrins er Årdal kommune.

Ved samansetting av barnegruppene bør det takast omsyn til at det vert ei rimeleg fordeling med omsyn til alder, funksjonsnivå og kjønn. Styrar har mynde til slike vurderingar

Søknadar som ikkje får 1. eller 2. valet sitt, har rett til å stå på venteliste til 1. valet.

#### Klage:

Dei som verken får 1. eller 2. ønske om barnehageplass ved hovudopptak har klagerett. Klagen må framsetjast skrifteleg til kommunen.

## **§ 6. Foreldrebetaling**

Stortinget fastsetter årleg maksimalpris for plass i barnehage. Årdal kommune følg maksimalpris, regulert i samsvar med gjeldande statsbudsjett.

Det skal betalast for 11 månader, med forfall den 15. i kvar måned. Juli er betalingsfri.

Kostpengar kjem i tillegg til den fastsette maksgrensa for foreldrebetaling, og kostpengar vert fastsett etter sjølvkostprinsippet. Det betyr at kostpengar skal dekke barnehagen sine faktiske utgifter til måltid.

I samband med at born tek til/sluttar i barnehagen i løpet av barnehageåret gjeld følgjande reglar: Byrjar/sluttar 01. - 15. - 1/1 månadsbetaling. Byrjar/sluttar 16. - 31. - 1/2 månadsbetaling. Foreldrebetalinga gjeld frå den datoen barnet får tildelt plass.

### **Moderasjonsordning**

Foreldrebetalinga skal for fyrste barn i barnehage utgjere maksimalt seks prosent av den samla hushaldning sin personinntekt. Betalinga er avgrensa opp til maksimalpris. Det må søkast om reduksjon i foreldrebetalinga. Dei som ikkje søker, må betale maksimalpris.

Som ein hushaldning reknast ektefellar, registrerte partner og sambuarar. Som sambuar reknast to ugifte personar over 18 år som bur saman, og som har budd saman i eit ekteskapsliknande forhold i minst 12 av dei siste 18 månadane, eller har felles barn. Ved delt omsorg, der eit barn bur fast hos begge foreldra, skal foreldrebetalinga bereknast ut frå inntekta til den av foreldra som har same folkeregisteradresse som barnet.

Det vert gjeve automatisk søskenmoderasjon for andre, tredje og fleire barn. Moderasjonen for det andre barnet er 30 prosent, for det tredje og fleire barn er det 50 prosent.

Er barnet sjukt og utgjer fråværet ein samanhengande periode på meir enn ein måned, og det ligg føre legeerklæring om barnet sin sjukdom/fråvær, vert det godkjent fritak frå betaling etter søknad.

## **§ 7. Oppseiing og endring av barnehageplass**

Oppseiing og endring av barnehageplass skal gjerast digitalt via heimesida til Årdal kommune. Fristen for oppseiing er 1 måned og gjeld frå den 1. i etterfølgjande måned. Om barnehagen får fylt opp plassane, kan oppseiingstida avkortast tilsvarande. Siste frist for oppseiing av plass før sommaren er 31. mars. Dette inneber at plassen vert ledig frå 1.mai. Barn som skal begynne på skulen, treng ikkje seie opp plassen sin.

Kommunedirektøren kan seie opp plassen med ein måned varsel dersom det føreligg vesentleg misleghald av avtalen. Med vesentleg meiner ein 3 – tre – månaders uteståande foreldrebetaling etter purringar i samråd med kommunen sine betalingsrutinar. Kommunen går i samtale med begge foreldra før ein ev. avtale vert sagt opp.

## **§ 8. Helse og hygiene**

Barnehagen kan avgjere om eit barn på grunn av sjukdom, mellombels ikkje kan møte i barnehagen av omsyn til barnet sjølv eller dei andre barna. Vi viser til skjemaet "Barnehager og syke barn" og retningsliner gitt av Folkehelseinstituttet. Ved ulykker og sjukdom avgjer barnehagen om lege må kontaktast omgåande. Styrar er ansvarleg for at føresette vert kontakta om det oppstår ulykke eller alvorleg sjukdom.

## **§ 9. Opplysningsplikt**

Alle tilsette i barnehagen har meldeplikt og opplysningsplikt i samsvar med gjeldande lov- og regelverk.

## **§ 10 Politiattest**

Den som skal arbeide i barnehagen må legge fram tilfredstillande politiattest jamfør barnehagelova.

## **§ 11. Opningstid og ferie**

Barnehageåret startar 15. august. Barnehagane har ope mellom kl. 6.45 og kl. 16.00. Ein kan velje opphaldstid inntil 9 timar kvar dag eller inntil 9 timar annankvar dag. Kommunedirektøren har fullmakt til å endre opphaldstidene.

Barnehagane er opne alle kvardagar. Unntaka er jul - og nyttårsaftan, og onsdag før skjærtorsdag og 5 planleggingsdagar. Alle barna skal ha minst fire veker ferie i barnehageåret. Tre veker samanhengande ferie skal avviklast i perioden 1. juni – og fram til barnehagane sine plandagar i august.

Barnehagane kan samarbeide om drift i ferievekene, ut ifrå kartlegging i den enkelte barnehage.

Grunna avvikling av personalet sin ferie, skal barna sin ferie kartleggast gjennom bindande påmelding etter gjeldande fristar.

Det vert kvart barnehageår fastset ei barnehagerute. Denne vert publisert på kommunen si heimeside.

## **§ 12. Planleggingsdagar**

For å sikre drift etter formålet, kvalitetsikrar ein dette arbeidet gjennom blant anna planleggingsdagar for heile personalet. I tråd med sentrale avtalar er barnehagane stengde i fem planleggingsdagar kvart barnehageår. Planleggingsdagane i barnehagen er lagt til skulefrie dagar og er ikkje rekna som ferie. Barnehagen er stengt på planleggingsdagane. Ved starten av kvart barnehageår får dei føresette ei barnehagerute som viser kva tid barnehagen har planleggingsdagar. Barnehageruta vert, så langt det let seg gjer, samordna med studiedagane til skulen og SFO i kommunen.

## **§ 13. Ansvar**

Barnehagen har ansvaret for barna i den tida dei oppheld seg der. Foreldre/føresette har ansvar for levering og henting av barna sine.

## **§ 14. Forsikring**

Årdal kommune teiknar kollektiv ulykkesforsikring for kvart barn som har plass i dei kommunale barnehagane.

### **§ 15. Leike - og opphaldsareal**

Følgjande rettleiande norm for netto leike og opphaldsareal vert lagd til grunn ved godkjenning av barnehagar:

Ei arealnorm på 4 kvm. for barn over 3 år. Ei arealnorm på 5,4 kvm. for barn under 3 år. Leikeareal ute er på 6 gongar leike- og opphaldsarealet inne.

### **§ 16. Årsplanar**

Alle barnehagar skal ha ein årsplan i henhald til barnehagelova.

### **§ 17. Teieplikt**

Alt personell, medlemmer av samarbeidsutvalet og politiske utval har teieplikt etter reglane i forvaltningslova

### **§ 18 Internkontroll**

Barnehagen følg «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.», samt «Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter» (Internkontrollforskrifta)

### **§ 19. Endring av vedtekter**

Vedtektene vert slik at det til ei kvar tid er i samsvar med gjeldande regelverk og politiske vedtak. Kommunestyret fastset vedtektene etter uttale frå utval for oppvekst og kultur.